



Svenn Hauge
Mykingvegen 761
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/272 - 19/5244

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
19.02.2019

Førebels svar og trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 29/3 Hauge (Dalsgrend)

Tiltak: deling av grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 29/3
Tiltakshavar: Svenn Hauge

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.01.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden er ikkje signert på rett måte. Sven Hauge er heimelshavar og må signere søknad om deling. Søknaden er signert av Edith Hauge. Det går fram av pkt. 2 i «tilleggsavtale» at heimelshavar skal signere på søknaden. Dokumentet kan ikkje tolkast som fullmakt til å signere på vegne av heimelshavar.
2. Av vedlegg til søknaden forstår kommunen det slik at ny eigedom skal frådelast med Edith Hauge som heimelshavar for det frådelte arealet. Vi ber om stadfesting på dette. Vi ber om at pkt. 2 og 3 i mangelbrevet vert besvart ved stadfesting i signert dokument av begge partar.
3. Kommunen forstår søknaden slik at heile arealet tilhøyrande gbnr 29/3 som er omfatta av reguleringsplan for Kløve Nord skal frådelast til eitt (1) gards- og bruksnummer og at det på noverande tidspunkt ikkje søkast om frådeling av enkelteigedommar i samsvar med reguleringsplan. Vi ber om stadfesting på dette.
4. Nabovarsling er mangelfull. Gbnr 29/4 har fleire heimelshavarar. Alle heimelshavarar må varslast om tiltaket. Gbnr 29/51 som er Hordaland Fylkeskommune/Statens vegvesen må også varslast om tiltaket.
5. Det er fleire feilaktige avkryssingar i søknadsskjema som gjer det vanskeleg å forstå kva som er meint med søknaden. Vi ber om at du ved ny signatur som påkrevd i pkt.1 fyller ut skjema på nytt og nyttar vedlagte skjema til utfyllinga. Ta gjerne kontakt for veiledning til utfylling av søknad dersom du har behov for det.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.03.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema deling, arealoverføring mm

Kopi til:

Edith Johannessen Hauge	Mykingvegen 531 B	5913	EIKANGERVÅG
-------------------------	----------------------	------	-------------

Mottakarar:

Svenn Hauge	Mykingvegen 761	5913	EIKANGERVÅG
-------------	-----------------	------	-------------